

## Styret i Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag har diskutert lovendringsframlegga §9 Målbruk og § 10 Rusgift.

Vi synest denne saka blir framstilt på ein merkverdig og uryddig måte, som gjer at vi sit igjen med mange spørsmål.

Sjølve saksframlegget blir her sendt ut med vedlegg ;

1. Gjeldande lover
2. Framlegg til nye formuleringar
3. Tankar frå leiaren

*Kven kjem lovendringsframlegget frå, Nu-styret eller leiaren ?*

*Kvifor må ein leiar sende med «sine ord og meiningar om lovendringsframlegget»? Er det eit soloutspel, eller for å legge tyngde på endringsforslag og vedtak ?*

NU er ein viktig kulturorganisasjon som har eksistert i 125 år. Korleis er det mogleg?

Svaret er oftast at vi står for noko, og held fast på ein identitet som er kjennemerket for vår rørsle.

Mykje av vår aktivitet er knytt til folkedans, teater, bunad, barne- og ungdomsarbeid – men også ulike andre aktiviteter som passer for «sine» lag.

Men vi veit også at vår rørsle konkurrerer med mange andre lag og organisasjonar om dei same barna og ungdommane, i eit samfunn som er i stadig endring.

I gamle dagar skjedde kulturformidling og opplæring rundt om i heimane, dei siste 100 år har dette skjedd i frivillige lag. I dag er det ofte ei grunnopplæring profesjonalisert i mellom anna kulturskular og private danse- og musikkskular. Kan vi i laga f.eks påverke kulturskolane sine tilbod, for så å stå klar for å tilby eit miljø der desse aktivitetane kan dyrkast vidare ?

Endringar i målparagrafen jfr. leiaren sine tankar: *«Men til tider har nynorsken og kjenst som ein hemske. Særleg i arbeidet med å rekruttere nye lag i omåder der nynorsken står svakt eller ikkje er i bruk. **Kva er det viktigaste for oss som organisasjon ?**»*

Og på slutten av framlegget: *«Tanken er at landsmøtet ikkje skal trenge å bruke tid på eit slikt dokument (språkbruksplan)»*. Med andre ord – vi vil ikkje opne for ein debatt kring saka, vi ser helst at vi kan vedta den, og gjere som vi sjølv vil.

NU er i dag på eit synkende nivå, både når det gjeld medlemstal og aktivitetar. Trur verkeleg NU at, ved å endre mål- og rusparagrafen, så vil dette snu ?

Kva er att av ein organisasjon som t.d. ikkje har eit landsdekkande stemnearrangement, og heller ikkje eit sentralt medlemsblad?

Vi vél å bruke leiaren sine ord: «Kva er det viktigaste for oss som organisasjon»?

Det er på tide å stikke fingeren i jorda og føreta ein viktig eigenanalyse og samfunnsanalyse- før ein endrar viktige «grunnsteinar» i NU.

På bakgrunn av dette vil ikkje Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag vere med på å støtte desse endringsframlegga.

Helsing

Sunnmøre Frilynde ungdomssamlag

